



Styre: Universitetsstyret

Styresak: 111/17

Møtedato: 28.09.2017

Dato: 18.09.2017

Arkivsaknr: 2014/3683

Universitetsdirektøren sine stillings- og resultatmål

Bakgrunnsdokument

- Styresak 90/17 Universitetsdirektørens måloppnåelse
<http://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/us2017-090.pdf>

Saka gjeld:

Universitetsstyret vedtok i møte i august å utsetje behandlinga av resultatmåla for universitetsdirektøren dei neste 12 månedene til styremøtet 28. september.

Staten reviderte leiarlønsystemet sitt i 2015. Kunnskapsdepartementet har vald å delegere oppfølging til Universitetsstyret, med unntak av endring av løn. Leiarlønsystemet i staten er utvikla for å stimulere til betre måloppnåing og resultat, til auka gjennomføringskraft og til god leiang. Leiarar som er omfatta av leiarlønsordninga i staten inngår ein arbeidsavtale som består av to delar, ein allmenn del og ein individuell del. Del I handlar om generelle arbeidsvilkår som gjeld for heile perioden, medan del to inneheld stillings- og resultatkrav, og avtale om løn. Del to er vidare delt i to; ein del som handlar om krav til resultat (del A) og ein del som handlar om utvikling av leiarskapet (del B). Del II vert fastsett for 12 månader om gangen, mellom anna basert på arbeidsgivar si evaluering av resultatata og drøftingar mellom leiaren og arbeidsgivaren om resultatata.

Stillings- og resultatmåla i gjeldande avtale er omfattande og femner breitt innfor universitetsdirektøren sitt virkeområde. Styret valde i 2016 å trekkje fram nokre punkt som universitetsdirektøren skulle ha særleg merksemd på i 2017 (S88/16):

- Leggje til rette for styrka tverrfagleg samarbeid innan forskning og utdanning
- Leggje til rette for utvikling og etablering av alle dei seks klyngesatsingane som er vedteke av styret
- Styrke universitetet sine ressursar gjennom auka eksternt finansiert verksemd
- Fasilitere oppfølging av digitaliseringsstrategien med særleg vekt på digitalisering innfor utdanningsverksemda og i DigUiB-programmet
- Redusere midlertidigheit i alle stillingar
- Følgje opp handlingsplanar for likestilling med særleg vekt på å oppnå betre kjønnslikestilling i alle grupper tilsette og studentar
- Vidareutvikle direktøren si leiargruppe for å oppnå betre resultat når det gjeld ressursbruk innan administrative tenester og eit felles langtidsbudsjett i tråd med måla for #ORG2022

I styresak 90/17 var resultatene for 2017 gjennomgåtte og forslag til resultatmål for 2018 lagde fram etter same mal som året før. Styret gjorde følgjande vedtak:

1. Universitetsstyret ber om at rektors resultatvurdering av universitetsdirektøren og styrets vurderinger slik de framkom i møtet blir oversendt til Kunnskapsdepartementet i tråd med vilkårene i lederlønnsordningen.
2. Behandling av universitetsstyrets resultatmål for universitetsdirektørens arbeid de neste 12 månedene ble utsatt til styremøtet 28. september.

I januar 2017 kom Kommunal- og moderniseringsdepartementet med ei rettleiing til revidert leiarlønnsordning. Eit av føremåla med rettleiinga var å synleggjere koplinga mellom leiarlønnsordninga og etatsstyringa, slik at stillings- og resultatkrava for leiaren supplerer og utfyller måla som er sett i tildelingsbrevet. Kunnskapsdepartementet har definert sektormål for utdannings- og forskingssektoren. Desse er:

Sektormål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning

Sektormål 2: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Sektormål 3: God tilgang til utdanning

Sektormål 4: Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanning

I tillegg er det fastsett nasjonale styringsparameter på resultatområde som skal ha særleg merksemd: Gjennomføringa av utdanning, studieinnsats og tilfredsheit, vitskapleg publisering, EU-samarbeid, relevans i utdanningane, innovasjon, MNT-fag, dimensjonering av utdanning, effektivitet, midlertidigheit og universitetsmusea.

Framlegg til særskilte resultatmål for 2018

Stillings- og resultatmåla i styresak 90/17 er knytt opp mot det samla ansvarsområdet til direktøren i høve til §10-3 i Lov om universitet og høgskolar. Styret hadde ingen merknader til resultatmåla slik dei var lagde fram, men ønskte å trekkje fram nokre særskilte område for 2018.

På grunnlag diskusjonen i styret i sak 90/17 og gjennomgang av moment i tildelingsbrev og i referatet frå etatsstyringsmøtet, tilrår rektor følgjande område som universitetsdirektøren skal ha særskilt merksemd på i 2018:

- Gjennomgå det systematiske arbeidet med sikkerheit og beredskap ved UiB og innføre heilskapleg system for internkontroll
- Leggje til rette for mekanismar som gjer at universitetet styrker ressursane sine gjennom auka eksternt finansiert verksemd. Universitetet skal sende fleire søknader til EU og fleire søknader til tematiske program i Forskingsrådet.
- Redusere midlertidigheita for alle stillingstypar ved universitetet. Det skal etablerast konkrete mål for reduksjon for fakulteta og det skal lagast tiltaksplanar for kvart fakultet.
- Starte oppfølginga av masterplanen for areal for universitetet med særleg vekt på å skape moderne, digitale og effektive arbeidsmiljø for studentar og tilsette
- Fasilitere oppfølging av digitaliseringsstrategien med særleg vekt på kvalitet i utdanninga og gjennom vidareutvikling av digitale læringsarenaer og undervisningsrom.
- Leggje til rette for styrka samarbeid internt og eksternt om integrert lærarutdanning og samarbeid med Høgskulen på Vestlandet og Høgskulen i Volda

- Halde fram med kostnadsreducerande tiltak for å styrke primærverksemda ved UiB. Effektivisering og avbyråkratisering skal følgjast opp gjennom digitalisering av administrative støttefunksjonar og med fokus på gevinstrealisering. Forholdstalet mellom vitskaplege og teknisk-administrative stillingar skal betrast slik at primærverksemda ved UiB vert styrka ytterlegare.
- Halde fram arbeidet med dei administrative leiargruppene for å auke samordninga og samhandlinga mellom nivåa.

Forslag til vedtak:

1. Universitetsstyret godkjenner universitetsdirektøren sine samla resultatmål i tråd med styresak 90/17.

Universitetsdirektøren skal i 2018 ha særleg merksemd på følgjande område:

- Gjennomgå det systematiske arbeidet med sikkerheit og beredskap ved UiB og innføre heilskapleg system for internkontroll
 - Leggje til rette for mekanismar som gjer at universitetet styrker ressursane sine gjennom auka eksternt finansiert verksemd. Universitetet skal sende fleire søknader til EU og fleire søknader til tematiske program i Forskningsrådet.
 - Redusere midlertidigheita for alle stillingstypar ved universitetet. Det skal etablerast konkrete mål for reduksjon for fakulteta og det skal lagast tiltaksplanar for kvart fakultet.
 - Starte oppfølginga av masterplanen for areal for universitetet med særleg vekt på å skape moderne, digitale og effektive arbeidsmiljø for studentar og tilsette
 - Fasilitere oppfølging av digitaliseringsstrategien med særleg vekt på kvalitet i utdanninga og gjennom vidareutvikling av digitale læringsarenaer og undervisningsrom.
 - Leggje til rette for styrka samarbeid internt og eksternt om integrert lærarutdanning og samarbeid med Høgskulen på Vestlandet og Høgskulen i Volda
 - Halde fram med kostnadsreducerande tiltak for å styrke primærverksemda ved UiB. Effektivisering og avbyråkratisering skal følgjast opp gjennom digitalisering av administrative støttefunksjonar og med fokus på gevinstrealisering. Forholdstalet mellom vitskaplege og teknisk-administrative stillingar skal betrast slik at primærverksemda ved UiB vert styrka ytterlegare.
 - Halde fram arbeidet med dei administrative leiargruppene for å auke samordninga og samhandlinga mellom nivåa.
2. Universitetsstyret ønskjer at stillings- og resultatmåla for universitetsdirektøren vert meir spissa frå 2019 av i tråd med rettleinga til revidert leiarlønsordning.

Dag Rune Olsen
rektor

18.09.2017/Sonja Irene Dyrkorn